

Til Unio-kongressen

Saksnr.: 1c/2021
Dato: 22. oktober 2021

1 **Godkjenning av forretningsorden**

2
3 Taletida for innleiarar er ikkje avgrensa. Taletida elles er tre minutt. Alle som bed om ordet må tale
4 frå den faste talarstolen. Ein teiknar seg til talelista gjennom møtesystemet (GoPlenum). Når eit
5 forslag blir levert, settast forslagsstillaren opp på talelista. Forslag skal fremjast frå talarstolen.

6 Det er høve til å be om replikk. Ein replikk er ein kort kommentar, inntil eitt minutt, til siste
7 debattinnlegg. Det er høve til å gi to replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til å gi svarreplikk.

8 Forslag i saker leverast i møtesystemet (GoPlenum).

9 Alle forslag skal vere leverte og kunngjorde før strek vert satt. Forslag som ikkje er levert eller
10 framsett før det er satt strek, vert ikkje handsama.

11 Viss det er fleire forslag til vedtak, skal ordstyrarane foreslå rekkefølge for avstemminga. Før
12 avstemming kan ordstyrarane be om at redaksjonskomiteen går gjennom forslaga.

13 Alle delegatar har røysteplikt og plikt til å delta i alle forhandlingar. Observatørane har talerett.

14 Forretningsordenen blir vedtatt med simpelt fleirtal. Endringar i den forretningsordenen som er
15 vedtatt må ha 2/3 fleirtal.

16 Innlegg utanom sakslista blir ikkje godtatt.

17

18

19 **Styret rår kongressen til å fatte følgjande vedtak:**

20

21 Forslag til forretningsorden for Unio-kongressen 8. og 9. desember 2021 vert godkjent.

Unio



Ragnhild Lied
leiar